

NORGES BONDELAG



Lokallagsledere
Fylkesstyremedlemmer
Styret
Fylkeskontor

Vår sakshandsamar
Lars Peter Taule
Tlf. 55 91 88 81

Vår dato
2009-09-15
Dykkar dato

Vår referanse 2008/00709/030
Arkiv: 031
Dykkar referanse

Val 09 - Takk for god innsats!

Det vart eit spanande val der mykje stod på spel, men no har det norske folk sagt sitt. Det vert fire nye år med raud/grøn regjering - Stoltenberg III. Gratulerer!

For norsk landbruk gjev valresultatet grunnlag for optimisme og framtidstru!

Gjennom prosjektet "Landbruk på dagsorden 09" la me ein tydeleg strategi om å være positive, og halde fokus på mat, matproduksjon og at norsk landbruk gjev verdiskaping i heile landet. Siste året har me utfordra alle dei politiske partia og knytt mange nye viktige kontaktar. Me har fått stadfesta at det norske folk ynskjer den norske modellen med eit politisk styrt landbruk i heile landet. Me ser derfor fram til å følgje opp dette arbeidet, og forventar at regjeringa allereie i regjeringserklæringa legg til rette for ein reduksjon av inntektsgapet mellom bønder og andre grupper. Det er i tillegg mange andre viktige tema me ynskjer at regjeringa skal prioritere, så hovudutfordringa på kort sikt er å få mest mogleg gjennomslag i Soria-Moria II.

Sjølv med fleirtalsregjering er det viktig at me også i komande stortingsperiode klarer å arbeide tett på alle partia på Stortinget, slik at me kan sikre breiast mogleg oppslutnad om dei sakene som er viktige for norsk landbruk. Dette er eit langsiktig arbeid, som me ved hjelp av dykk skal få til!

Med venleg helsing

Nils T. Bjørke
Leiar

Per Skorge
Generalsekretær

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Telefaks:	E-postadresse	Internet:
PB 9354 Grønland 0135 Oslo	Schweigaards gt. 34c Oslo	22 05 45 00	22 17 36 68	bondelaget@bondelaget.no	www.bondelaget.no
Norges Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	8101.05.12891		
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05.91392		